

KUNST

EVA FURSETH, kunsthistorikar. eva.furseth@gmail.com



«Haren lo så kjeften sprakk», Theodor Kittelsen (1884). Nasjonalmuseet

Kunst og humor

Kvar vart det av viljen til å få oss til å le?

I utstillinga *KVINNE. 1970-tallets feministiske avantgarde* ved Stavanger kunstmuseum kan vi fryde oss over kor mykje humor det er i arbeida. Trass i eit alvorleg tema, trass i at kunstnarane møtte urimeleg motstand, tek dei ikkje offerrolla, men svarar med friske, kvasse verker.

Kunsten i dag er sjeldan like artig å sjå på. Rett nok stoyter ein stadig på verk som får ein til å drage på smilebanDET, men munnen løftar seg sjeldan så høgt at nokon kan så mykje som skimte tennene dine. Kvifor er det slik?

Då det kan hende at nyare samtidskunst har all grunn til å ikkje spele på humor.

Med åra har kunsten blitt grenselaus, og skilja mellom kunst og kvardagsliv er viska ut.

Såleis er eit verk ikkje så lett å kjenne att om ein møter det utanfor utstillinga.

Kunstbiletet var enklare på syttitalet. Syttitalsfeministane trong ikkje uro seg over om verka deira kunne tolkast som noko anna enn kunst. Dei laga si eiga greie og pressa fram eit nytt kunstsyn.

Dersom kunstnarane hadde laga tilsvarande verk i dag, ville vi forstått dei heilt anndeis. I dag har vi fått eit overseksualisert blikk på kroppen, og særleg på kvinna, difor ville han ha vore vanskeleg å bruke som symbol på same måten. Samstundes har folk blitt meir hårssåre. Kunstnarane må vere meir varsame for å ikkje krenkje nokon, for å ikkje snakke om å erte på seg nokon. Berre tenk så mange hatmeldingar desse kvinnene hadde fått i dag.

Har det på denne måten blitt slik at det vi som publikum meiner er morosamt, ikkje kan vere skikkeleg kunst? Kan hende det er her hunden er gravlagd. Er det vi som er publikum som har skulda, og ikkje kunstnarane? At vi sjaltar vekk det som er artig, og degraderer det og heller dyrkar det alvorsame? Og ikkje ser at under humoren kan del ligge djupare meining?

Det er likevel ikkje verdt å gå for djupt inn i temaet. Å analysere humor er som å dissekkere ein frosk, vert det sagt. Få menneske er interesserte i å sjå på, og frosken dør.

EVA FURSETH

Fargerikt i svart og kvitt

FOTO, FILM OG INSTALLASJON

GRUPPEUTSTILLING
MED 200 VERK AV 48
KUNSTNARAR

KVINNE. 1970-tallets feministiske avantgarde
15. JUNI–14. OKTOBER
STAVANGER KUNSTMUSEUM

Då eg gjekk inn i utstillinga, og møtte vegg etter vegg som var dekt med små foto i svartkvitt, vart eg mo i knea. Eg er så van med at samtidskunsten ropar mot oss på lang avstand med kraftige fargar og omfattande format. Men desse arbeida er frå ei tid som rett nok ikkje ligg så langt attende, men som vil ha oss nærmare før dei talar med oss. Då eg kom nærmare, såg eg at ein slett ikkje treng å ruve i storleik for å gjere inntrykk. Snart var eg djupt inne i eit eige univers, og der vart eg verande, gløymde tid og alt av avtalar. Sjølv om 200 kunstverk høyrest svært mykje ut, gav utstillinga heller meirsmak enn kjensla av å ha forete seg.

Tema for utstillinga er feministisk kunst frå syttitalet. Alle verka er lånte inn frå kunstsamlinga til firmaet Verbund. Verbund er det største kraftselskapet i Austerrike, og det har bygt opp ei omfattande kunstsamling. Sidan 2010 har utstillingar baserte på samlinga blitt viste på kunstinstitusjonar over heile Europa.

«*KVINNE. 1970-tallets feministiske avantgarde*» er kurert av Gabriele Schor, som er

Elaine Shemilt, «ACME», 1976.

© Elaine Shemilt / The SAMMLUNG VERBUND Collection, Vienna

leiaren for samlinga, og Hanne Beate Ueland og Vibece Salthe ved Stavanger kunstmuseum. Utstillinga skal vidare til Brno i Tsjekkia og New York.

PÅ EIGNE PREMISSAR

Her vert ein kjend med leiande feministar frå 1970-åra, som på imponerande vis braut opp fastmeisla fordommar i

kunsten så vel som i samfunnet. Fellesnemnaren for dei 48 kunstnarane i utstillinga er at alle bruker eigen kropp som verkemiddel. Gjennom å iscenesette seg sjølv stiller dei spørsmål med dei snevre og stereotype rollene kvinner vert pressa inn i, og prøver ut nye. Auga er som regel retta direkte mot oss med konfronterande blikk. Eit eksempel er fotoserien «Constraint» (1976) av britiske Elaine Shemilt.

Verket er ein reaksjon på at skulpturlæraren hennar hevda at det ikkje var råd å vere både kunstnar og kvinne. Ho svarar med å surre seg sjølv fast, til ho er heilt utan handlingsrom, men paradoksalt nok dermed har skapt ein skulptur av seg sjølv. Her viser ho på ironisk vis til den klassiske nakne kvinneskulpturen, tolka gjennom nyare kunstformer. Såleis ler ho av at skulpturlæraren har sove i timen.

Den britisk-amerikanske kunstnaren Penny Slinger er mykje meir konfrontrande med serien «Wedding Invitation» (1973). Her ser vi henne inni ei bryllaupskake.

Når brudgommen på tradisjonelt kuttar opp kaka, vert lite overlate til fantasiene. Ho set såleis spørsmål om rituala kring bryllaupet fremjar patriarkalske strukturar. Her spelar ho på forventninga om kvinna som den passive parten, klar til å nyttast. Samstundes er ho slett ikkje eit offer, tvert om verkar det som ho nyt situasjonen, brudgommen viser seg også vere kvinne. Vi vert vikla inn i ein absurd leik med symbol og fordommar.


UHELDIGE INNDELINGAR

Utstillinga er delt inn i fem tema: «Mor, husmor, hustru», «Rollepill», «Den vakre kroppen», «Kvinnelig seksualitet» og «Sperret inne – bryter ut». Eg har ikkje sansen for måten verka vert kategoriserte på. Dei bastante tematiske titlane gjer det lett å leggje for stor vekt på nokre sider ved verka. Såleis risikerer ein å gå glipp av dei fine nyansane som nettopp gjer dette til kunst. Og var det ikkje nettopp det å bli sett i bås desse kunstnarane kjempa så hardt imot?

Derfor forsøkte eg å lausrive meg frå måten verka var ordna på, og heller gå nærmare inn på kvart kunstnarskap. Det er samstundes sympatisk korleis kuratorane har sett store stjerner side om side med dei som er mindre kjende. Såleis konkurrerer verka i mindre grad enn dei utfyller kvarandre. Mangelen på blikkfang gjev ei eiga ro over utstillingsromma.

SHERMAN OG CHICAGO

Eg vil framheve verk av Cindy Sherman og Judy Chicago, som begge er to av dei aller mest innflytelsesrike kunstnarane i samtidskunsten. Sherman har vore sin eigen modell i meir enn tretti år. Ho er representert i utstillinga med fleire hovudverk. «Untitled Film Stills (1977–80) viser kunstnaren i stereotype kvinnelege roller inspirerte av filmar frå 50-åra. Serien skaper ein ny sjanger i kunsten. Ved å snu kameraet mot seg sjølv samstundes som ho bruker verkemiddel frå Hollywood industrien, viser ho at det å vere kvinne er ei form for skodespel, ei utkledning. Men i staden for å vere ei tvangstrøye syner ho at dette er roller ein heretter kan leike med, og velje fritt imellom.



Judy Chicago, «Red Flag», 1971. © Judy Chicago / Salon 94, New York / BONO, Oslo, 2018 / The SAMMLUNG VERBUND Collection, Vienna

«The personal is political»
Den amerikanske feministen Carol Hanisch



Penny Slinger, «Wedding Invitation – 2 (Art is Just a Piece of Cake)», 1973. © Penny Slinger / Courtesy of Gallery Broadway 1602, New York / The SAMMLUNG VERBUND Collection, Vienna

Judy Chicago er representert med eit tidleg ikon, «Red Flag» (1970). Her set ho fingeren på noko ein helst skulle løyne og heller ikkje tale om. Ho løfter det i staden opp som motiv for ein litografi. Utsnittet er snevrat til underlivet, med ein blodraud tampong som blikkfang.

SPRENGKRAFT

Desse verka har sprengkraft som enno rungar i øyra våre. Bileta vert skarpe spydspissar, som brøyster seg framover. Kunstnarane bevega seg gjennom ein seig materie og var pionerar som vi kan takke for

EVA FURSETH



Cindy Sherman «Untitled Film Still (#20)», 1978.
© Cindy Sherman / Courtesy of Metro Pictures, New York / The SAMMLUNG VERBUND Collection, Vienna

KUNST LANDET RUNDT

Fleire kunstnarar:
«Papirkunst»
Telemarksgalleriet & Lysbuens
Notodden
2. juni–6. september
Utstillinga viser korleis ti nordiske samtidskunstnarar utforskar og nyttar papir i arbeida sine. Telemarksgalleriet held til på gamle Tinfos papirfabrikk på Notodden, noko som skaper ei særegi ramme for utstillinga. Kunstnarane er Kåre Tveter, Ørnulf Opdahl, Anne Kari Amstein, Ann Iren Buan, Marie Buskov, Sissel Fredriksen, Gabriella Göransson, Lars Morell, Rebecca Angelica Nordbø og Randi Nygård.



Liv Dysthe Sønderland:
«Recomposing sadness»
Sandnes kunstforening
6. august–23. september
Utstillinga viser akvareller og trykk av saftige, grøne planter i vekst. Ho tek føre seg korleis livskrafta utan stans endrar form og gir nytt liv. Prosjektet vert interessant nok stilt opp mot prosjektet «Uutholdelige fakta», som tek føre seg strategiar for å handtere destruktive krefter i samfunnet. Så kan ein stille spørsmål om korleis det står til med krinslaupet vårt. Det kan hende at vi bør sjå til naturen.



Magnhild Øen Nordahl:
«Frisbeoperspektivet»
Vestlandsutstillinga 2018
Sogn og Fjordane Kunstmuseum
2. september–28. oktober
I år vert den tradisjonsrike Vestlandsutstillinga ikkje ei mangfalt mønstring som tidlegare år. I staden vert seks separatutstillinger vert vist på ulike museum og galleri. Tanken er at desse seks skal syne breidda i det som skjer på den vestlandske kunstscena. Ved Sogn og Fjordane Kunstmuseum synes Magnhild Øen Nordahl ein installasjon som tek utgangspunkt i jorda si form og to ekspedisjonar som hadde som mål å undersøke denne. Den eine ekspedisjonen gjennomførte ho sjølv, og den andre vart utført av den sjølvlærte romraketbyggjaren og konspirasjonsteoretikaren Mike Hughes frå California. Nordahl interesserer seg for kva føresnader mennesket har for å skjønne naturvitenskaplege sanningar og teknologien vi omgir oss med i kvardagen.



Ragnhild Aamås:
«Flyt»
Vestlandsutstillinga 2018
Kunstmuseet KUBE, Ålesund
24. august–7. oktober
«Flyt» er også del av Vestlandsutstillinga. Her viser Aamås ein lydinstallasjon, skulpturar og digitale kollasjar. Utstillinga er ein kommentar til


nasjonalromantikken. Kunstnaren spør kvifor så få av verka tek føre seg temaet utvandring, med tanke på kor mange nordmenn som emigrerte til USA. Kollasjene hennar er laga med utgangspunkt i måleriet «Utvandrere» av Gustav Wentzel (1902). Dette er eitt av svært få verk frå denne perioden som tok opp temaet emigrasjon.



Christian Skredsvig: Kuer ved vanningsstedet

Christian Skredsvig:
«På reise»
Hagan, Chr. Skredsvigs kunstnerhjem, Eggedal
10. juni–30. september

Utstillinga viser måleri av



Wilhelm Sasnal, Utan tittel, 2016.

Christian Skredsvig frå den franske rivieraen, Grez, Caen, Roma og Sevilla. Storparten av bileta er lånte inn frå private eigarar og har ikkje vore stilt ut tidlegare. Samstundes kan du nytte høvet til å besøke den uvanleg vakre og

velhaldne kunstnarheimen. **Wilhelm Sasnal:**
«Engine»
Kistefos-Museet
27. mai–7. oktober
Filmar og måleri av den kjende polske målaren, teiknaren og filmskaparen Wilhelm Sasnal. Utstillinga gir eit breitt innblikk i produksjonen. Biletspråket er inspirert av popkunst. Motiva er flotte, men forenkla inn til beinet.